



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:

31.05.2022

Vår ref:

2022/6750

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 467/13 - Namtveit - tilbygg levegg kai til hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.05.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg: nye terrasser, levegg til hytte, støyvoll, utviding av kai til naust på gbnr 467/13. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for tidlegare Radøy kommune er definert som LNF-føremål på landet og natur-føremål i sjøen. Det er naudsynt med dispensasjon frå formål på land og i sjø, i tillegg til byggeforbodet i strandsona.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Sjølv om dette området ligg i sone tre i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der det skal vere rom for noko meir utbygging langs sjø, skal dette i utgangspunktet vurderast i kommuneplanen og ikkje i enkeltvise dispensasjoner.

Alle tiltaka ligg i 100 metersbelte langs sjø og treng dispensasjon frå pbl § 1-8. Tiltaka på og ved hytta ligg om lag 80 meter frå sjøen ved ein eksisterande fritidsbustad. Etter det vi kan sjå vil tiltaka her gje liten verknad for dei omsyn som byggeforbodet i strandsona skal ivareta. Når det gjeld utviding av kaia, kan dette få ein verknad på både landskap og privatisering av strandsona. Kommunen må vurdere i kva grad utvida kai vil auke privatisering og kva verknad dette vil ha for landskapet. Det ligg fleire naust i nærleiken som ikkje ser ut til å ha tilsvarande kaier. Det må vurderast om denne saka kan få følgjer for vurderinga av eventuelle andre liknande søknader i nærleiken.

Det må også vurderast om utviding av kaia kan få verknad for naturmangfold i sjø. Det er registrert ålegraseng og gytefelt for torsk i sjøen. Sjøen er også del av [marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane](#). Det må vurderast om det er naudsynt med dispensasjon frå [verneforskrifta](#).

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*